

Vaksdal Røde Kors
Trollkjelsvegen 30
5725 Vaksdal

Vaksdal Røde Kors vart stifta i 1955. Vår aktivitet og vårt arbeid er basert på frivilligheit og i å hjelpa.

Me har om lag 175 medlemmer i Vaksdal Røde Kors og har to operative einingar med tilhøyrande aktivitetar – Røde Kors Hjelpekorps og Røde Kors Omsorg. Din medlemskontingent går til utstyr og til å drifte dette arbeidet.

Også første halvår 2021 var prega av koronasituasjonen med liten aktivitet. Samlingane i eldrestova blei avlyst og det same blei øvingane i Hjelpekorpsset. Like fullt oppe held Hjelpekorpsset sin beredskap. Omsorg hjelpte til med handlehjelp og organiserte ute-konsert i Sansehagen ved Sjukeheimen. Der stod dei også for utplanting og vatning.

Etter sumarferien 2021 har det vore normal aktivitet. Hjelpekorpsset har hatt sine regelmessige øvinger i livreddende førstehjelp med hjerte- og lungeredning samt behandling av bruddskader og øving med GPS / kart og kompass.

Omsorg har igjen starta sine vitjinga på Sjukeheimen med mellom anna besøkshund og sine eldretreff som er svært så populære.

Vår overordna målsetting og handlingsplan er å yte omsorg og hjelpa medmenneske ved skader og ulykker samt å hindre nød, lidelse og ensomhet i nærområdet.

Vår viktigste inntektskilde er di støtte i form av din medlemskontingent og grasrotandel. Vårt organisasjonsnummer er 989497383 og grasrotnummer 32774989497383.

Me takker for at du støtter denne frivillige aktiviteten i Vaksdal Røde Kors og voner du blir med oss vidare i 2022 – HJELP OSS Å HJELPE!

Vaksdal Røde Kors